

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 24

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Fjell

Emne: Måltider og mat

Bygdelag: Søre lüten

Oppskr. av: Hans O. Nordvik

Gard: Nordvik

(adresse): Kessjøen

G.nr. 4 Br.nr. 4

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

- 1) Omlag det same antal måltider for (eldre tid) og no. Det var 5 mål mat om somaren, og 4 om vinteren pr. dag.
- 2) Det var före-prokost (förebite) prokost, (eg har høyrte gamle folk kall prokosten for åbets-mat) middag, nonsmat og kveldsmat. Vintersdag var <sup>det</sup> berre ein gong mat for middag.
- Det er for det meste likeins idag og, iunstatt dagarleidarar som får ta ei skjiva eller to millora prokost og middag.
- 4) Når ein arbeidde med tresking hadde ein alltid ekstramål.
- 5) Sommar som vinter var middagen rekna som hovudmåltid.
- 6) Det var berre middagsmaten ein kann rekna som varm rett.
- 7) Det var like variasjon i maten for i tida. Det er berre med det idag.
- 8) Det var ikkje stor skilnad.

9) Tjöt var det berre kvar søndag, ellers var det fersk fisk og saltet fisk - og spikjesild med poteter og suppe til. Det var den gjengse middagsmat.

10) Frå gammalt, til og med siste krig var her kornavl, og mange i Fjell bakte flatbröd.

Det er omlag heilt stilt med det no. Difor brukast her mykje mindre av den slags no.

Ein kjøper pakkar med Arna-flatbröd, og innhaldet i kvar pakke utgjer omlag so mykje som ein levr flatbröd.

Når eg skal skriva inn matsetel for ei veke, vil eg fyrst gjera merksam på fylgjande

Den fleste gardsbruk her i Fjell har frå gamal tid vore kombinert med fiske.

Det måtte so vera, for berre garden kunde ikkje gje föda til huslyden. Difor måtte

bonden skaffa seg båt og reidskaper og driva fiske, når han ikkje var opptatt med gardsarbeide. Det gav fisk

til middagsbordet og sjelinga og dala på kistebotn.

Men der var og mange år på sjöen, og då var garden god å ha. Eg har nemnt dette, forat de skal sjöna, at det er eit bonde og fiskarmiljö eg skriv om.

Matskelen for ei uke i eldre tid  
vilde sjå omlag soleis ut.

14) Søndag: Frokost: Havrekaffi, blanda  
med litt ekte kaffi og stompkake.

Middag: Salt kjøt, poteter og  
byggrynssuppe. Ofte kalt „sadd“

Nonsmat: Rømmekalla med flatterød.

kveldsmat: God-graüt med mjölk

Mandag: Frokost: Kaffi og potetkaker

Middag: Spikjesidd og poteter  
havreflabbød og sürmjök-bleng.

nonn: varm havresuppe. kvelds: Graüt og mjölk

Tirsdag: Frokost: Havrekaffi og stompkake

Middag: Fersk fisk og lever,  
flatterød og bleng.

nonn: flatterød og mjölk

kvelds: Graüt og mjölk

Onsdag: Frokost: Kaffi og lovakaka

Middag: Hvalkjøt og spekk  
litt poteter og flatterød. Bleng

nonn: varm mjölk og havrekaka.

kvelds: Graüt og mjölk.

Torsdag: Frokost: Havrekaffi og kaka

Middag: Saltfisk og poteter.  
Havresuppe

nonnsmat. Flatterød og sürmjök

kveldsmat: Raspeballa og fleisk.

Freitag: Frokost: Kaffi og potetkaker

Middag: Fersk fisk og lever  
flatterød og suppe.

(Når det var fersk fisk sparde dei potetene)

Non's mat: Flatterød og mjølk.

Taunderdag. Frokost: Kaffi og stomppekake

Middag: Spikjesild og poteter  
flatterød og blaugje.

Non's: Rommekalla og flatterød

Stvels: God-graül (av fint mjøl)  
med smörränga og söt mjølk.

Omlag slik såg matsetelu ut  
i eldre tid. - Allso för 1900. -

Det var ikkje stor skilnad på  
sommars og vinters.

So åvæstaaende vil framgå,  
at dei brukte mykje fisk og  
sild för i tida.

Det var billig og næringsrik mat.

Skilnaden på förtid og notid  
kann me ganske enkelt seija  
slik: I gamle daga var det

12) Naturalhusholdning,  
og idag er det pengehusholdning.

13) Veit i grunnen ikkje hva eg skal  
svara på det.

14) Veit <sup>ikkje</sup> som anna ein lünga  
av slaktedyr, den vert ikkje nytta  
til folkemat på landsbygda her.  
Men lüngemos it folk andre stader.  
Makrell og kylling er rekna som  
ekstra god mat her i Fjell.

15) Det var mange ganger skralt  
med maten i under krigen, og folk  
vil derfor leva godt no.

Her er hög levestandard i Fjell idag.

Her er mange som framleis brukar kaffitil-  
setning.

0557